

KOMPETANSE- OG INNOVASJONSTILSKOT

1. Kommunen si vurdering om måloppnåing for kompetanseheving og kompetanseutvikling, inkludert kompetansesituasjonen

- Hjelpemiddel til vurderinga: kompetanseutfordringar, rekrutteringsbehov, status for kompetanseplanlegging og vedtekne planar

Meland kommune har overordna strategisk kompetanseplan som vert supplert med årlege lokale kompetanse/tiltaksplanar for dei einskilde tenesteområda. Omsøkte tiltak 2018 er relatert til vurdert trong for kompetanseheving og er utført jfr rapport.

Framtidige kompetanseutfordringar og rekrutteringsbehov vert å vurdere vidare med omsyn til kommunesamanslåing Alver. Dette siste må ein kome tilbake til.

2. Kommunen si vurdering av måloppnåing for bruk av opplæringstilskot til BPA (brukarstyrt personleg assistanse)

3. Kommunen si vurdering av innovasjonsprosjekta som Fylkesmannen har gitt tilskot til

Meland kommune avsluttar i 2018 prosjekt kvardagsrehabilitering, og etablerer frå 2019 tiltaket i drift. Ein har m.a. arbeida med metodebok for Kvardagsrehabilitering i Meland kommune, sjekklister til bruk ved oppstart av ny brukar, dokumenteringsrutiner, registreringsskjema, informasjonssperm til brukar m.v.

Av dei som fullførte heile perioden/ind.program har det vært gode resultat i høve til dei kartleggingsverktøy ein har nytta (COPM, SPPB og IPLOS). Samtlige har nådd dei måla dei satte seg ved oppstart, og er meir nøgd med eigen funksjon ved avslutning av oppfølgingsperiode. Ganghastighet, beinstyrke og balanse har også forbedra seg i perioden med Kvardagsrehabilitering, og desse tre faktorene er viktige prediktorer i høve til fallfare og sjølvstende i ADL-funksjonar.

Vidareføring i drift for 2019 vil m.a. ha fokus på :

- Gjennomføre endå fleire individuelle forløp
- Vere samkjørte og ha gode rutiner
- Få til enda betre samarbeid og opplæring av heimetrenarar
- Fortsette å informere samarbeidspartar og brukarar om tilbodet

4. Kommunen si samla vurdering av måloppnåing med implementering av velferdsteknologi for tryggleik og meistring i forhold til målet om at velferdsteknologi i 2020 skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i omsorgstenesta .

Meland kommune vurderer at ein vil nå målsettinga om at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i 2020.

Her arbeider ein både med omsyn til samordning av tenester i komande Alver kommune (Radøy, Lindås og Meland) samt i større samanheng i relatert til deltaking i Nasjonalt velferdsteknologiprogram via Nordhordlandsprosjektet.

5. Utfyllande forklaring om eventuelt ubenyttat beløp